



Foto: Jan de Lange

Status og råd

ICES har ikkje kunnskap til å vurdere gytebestand og effekt av fiske i høve til føre-var-nivå. Gytebestanden har vore over grensenivået B_{lim} , men har vore under gjennomsnittet sidan 2003, medan fiskedøyringsraten har gått ned sidan 2006. Rekrutteringa har vore langt under gjennomsnittet sidan 2003.


Ein forvaltingsplan mellom Noreg og EU har teke inn ei revurdering av naturleg døyringsrate, slik at fiskedøyringsraten no må vere 0,15 dersom den skal vere føre var så lenge rekrutteringa held seg på eit medels eller lågt nivå. Basert på slike føresetnader gjev ICES no eit råd om at totale landingar ikkje må overstige 16 092 tonn i Nordsjøen. Nordsjøen og Den austlege engelske kanal vert forvalta kvar for seg. Ein reknar med ei total fiskedøying av landingar lik $F=0,14$ i 2014.

Av totalkvoten i Nordsjøen disponerer EU 90 % og Noreg 10 %. For 2013 var kvoten 18 932 tonn, av dette gjekk 1 893 tonn til Noreg. I 2012 var totalkvoten i Nordsjøen 17 056 tonn. Det vart landa ca. 13 000 tonn, og utkastet er berekna til ca. 6 000 tonn. Noreg fiska berre 93 tonn.

Kviting i Skagerrak vert handsama som ein egen bestand, men det er ingen bestandsberekningar, og ICES tilrår ei kvote i Skagerrak/Kattegat på 500 tonn basert på ICES sine retningslinjer for datafattige bestandar.

Fiskeri

Kviting blir fiska i blanda fiskeri der målartane enten er torsk og hyse, flatfisk eller kreps, og som bifangst i industritrålfisket. Bifangst av kviting har minka i industritrål- og krepsfisket på grunn av at meir selektive reiskapar har kome i bruk.



Bestand og fangst av kviting i Nordsjøen.
Stock size and total catch of whiting in the North Sea.

Kviting – *Merlangius merlangus* – Whiting

Familie: Gadidae (torskfamilien)

Andre namn: Blege, bleike, hvitting

Maks storleik: 55 cm og 1,5 kg

Levetid: 12 år

Leveområde: Nordsjøen og Skagerrak

Gyteområde: Hele Nordsjøen

Gytetidspunkt: Januar–juli

Føde: Fisk

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2014: 16 092 tonn i Nordsjøen, 500 tonn i Skagerrak

TOTALKVOTE/NORSK KVOTE (NORDSJØEN) 2014:

Forhandlingane er ikkje gjennomførde enno

TOTALKVOTE/NORSK KVOTE (NORDSJØEN) 2013:

18 932 tonn / 1 893 tonn /


(SKAGERRAK): 1050 tonn / 19 tonn

TOTALFANGST/NORSK FANGST 2012:

12 929 tonn / 93 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2012: 359 000 kr i Nordsjøen,

104 000 kr i Skagerrak



Fakta om bestanden:

Kvitingen er utbreidd i Aust-Atlanteren frå Gibraltar til Island og det søraustlege Barentshavet. Den finst langsetter heile norskekysten, men er mest vanleg nord til Stad. Kvitingen er vanlegvis ved botnen på 10–200 meters djup, men er også høgare i vassøyla.

Gyteperioden til kviting er lang. I sørlege del av Nordsjøen startar den allereie i januar, og egg og larvar er funne så seint som i september i den nordlege delen. Yngelen er pelagisk noko lengre enn yngel av torsk og hyse. Kvitingen vert kjønnsmoden når han er to år gammal.

Kvitingen er typisk fisk, og er ein av dei viktigaste predatorane i Nordsjøen. Han tek i hovudsak sild, augepål og tobis, men også ein del yngel av torsk, hyse og kviting.